



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 30.01.2026

Vår ref.: 202209809-36 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av revisjonsdokument for reguleringa av Lærdalsvassdraget i Lærdal kommune, Vestland fylke

NVE sender med dette revisjonsdokument for reguleringa av Lærdalsvassdraget på høyring.

NVE vedtok den 03.02.2025 at vilkåra for følgjande konsesjonar skal bli revidert:

- Kgl.res. av 11. januar 1946: Regulering av Søndre Sulevatn i Lærdalselvi
- Kgl. res av 7. oktober 1966: Reguleringer og overføringer i Lærdalsvassdraget
- Kgl. res. av 24. januar 1969: Ytterligere regulering av Vassetvatn i Lærdal

På bakgrunn av krav frå Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell, Villreinutvalet for Nordfjella, Lærdal Elveeigarlag, Lærdal kommune og føringar frå NVE har Østfold Energi AS utarbeidd eit revisjonsdokument som mellom anna beskriv reguleringane og vurderer dei ulempa ein er kjent med. Revisjonsdokumentet blir no lagt ut til offentleg høyring. Revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsetje reviderte vilkår.

Det vil også bli vurdert om det er formålstenleg å innlemma følgande konsesjon i revisjonsarbeidet, for å samla alle manøvreringsreglementa i eit felles dokument:

- Kgl.res. av 20 april 2018: Ytterligere overføring av Mørkedøla gjennom Mørkedøla pumpe i Lærdalsvassdraget

I samband med saksbehandlinga vil NVE arrangera ei synfaring, sannsynlegvis i andre halvdel av 2026, når høyringsperioden er over.

Her finn du revisjonsdokumentet

Revisjonsdokumentet er tilgjengeleg på NVE si nettside www.nve.no/8844/v. Generell informasjon om revisjon av konsesjonsvilkår finst på www.nve.no/revisjon. Dersom du ønskjer ein papirversjon, kan du kontakte Jan Olav Å. Møller i Østfold Energi AS på tlf. 45 97 85 22 eller e-post: jom@ostfoldenergi.no.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Kva ønskjer vi fråsegn om?

Gjennom høyringa ønskjer NVE innspel på krava, og om det bør innførast nye mildnande tiltak som kan betre miljøforholda. Vi ønskjer også innspel på erfarte ulemper forårsaka av utbygginga, og om kunnskapsgrunnlaget i revisjonsdokumentet er tilstrekkeleg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/8844/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202209809 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202209809 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende uttale er **26.05.2026**.

Fråsegn eller delar av fråsegner vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Er høyringsfråsegna lang oppmodar NVE høyringspartane til å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

NVE ønskjer tilbakemelding om ein meiner at viktige partar er utelatne frå lista over mottakarar av dette brevet.

NVE har vedtaksmyndigheit

Den 29. august 2025 fekk NVE delegert myndigheit etter vassdragsreguleringslova, vassfallsrettslova og vassressurslova. Det betyr at det er NVE som vil gjere vedtak for vilkårsrevisjonen i Lærdalsvassdraget. Vi skal ikkje lenger gi ei innstilling i saka til Energidepartementet. Energidepartementet vil vere klageinstans for eventuelle klager når vedtaket frå NVE kjem.

Til kommunen

Vi ber Lærdal kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Med helsing

Håkon Berg Sundet
fagleder

Magnus Elton Veflen
seniorrådgjevar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Sogn friluftsråd - Sogn friluftsråd
Naturvernforbundet i Indre Sogn - Iselin Helløy
DNT Sogn og Fjordane
Lærdal JFL - Kenneth Grøthe
RIKSANTIKVAREN
Havforskningsinstituttet
STATENS VEGVESEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Lærdal Elveeigarlag
Norges Bondelag
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
STATNETT SF
LÆRDAL KOMMUNE
MILJØDIREKTORATET
Norske Lakseelver
Energidepartementet
BKK AS
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Mattilsynet
Lærdal Turlag
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE
NHO Reiseliv
WWF Norge AS
Fiskeridirektoratet
VANG KOMMUNE
HEMSEDAL KOMMUNE
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell - Hermund Mjelstad
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
Villreinutvalet for Nordfjella
Borgund Elveeigarlag v/Knut Opdal



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Norsk Friluftsliv
Naturvernforbundet
Lærdal fjellstyre
OKKEN KRAFT AS
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
STATSFORVALTEREN I ØSTFOLD, BUSKERUD, OSLO OG AKERSHUS
STATSFORVALTEREN I INNLANDET
INNLANDET FYLKESKOMMUNE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE - Kari Bjørndal
VESTLAND FYLKESKOMMUNE - Christian E. Pettersen
SYGNIR AS
Bergens Sjøfartsmuseum
MOTVIND VEST
Buskerud fylkeskommune
Vestland vassregion - Merete Farstad

Kopimottakarliste:

ØSTFOLD ENERGI AS